



Langenes Bygg AS  
Kvassnesvegen 19  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1795 - 16/14776

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.06.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 172/38

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.05.16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket rører eksisterande arbeidsplassar, de må innhente Arbeidstilsynet sitt samtykke før kommunen kan handsame eitt-trinnssøknaden jf. arbeidsmiljøloven § 18-9 jf. plan- og bygningslova § 21-5.
2. Det må leverast inn fasadeteikningar som synar eksisterande fasadar på bygget.
3. Det må leverast inn oppdatert, målsett situasjonsplan. Motteken situasjonsplan er ikkje påført ytre hovudmål på tilbygga, situasjonsplanen er ikkje påført målestokk.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 20.07.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje oppfyller krav til 3 vekers sakshandsamingsfrist, då den avheng av uttale frå anna mynde.

Kommunen kan ikkje igangsettingsløyve før det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet, men de har høve til å søkje om rammeløyve i påvente av Arbeidstilsynet si handsaming, jf. pbl § 21-5, 1.ledd, 2.punktum.



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Langenes Bygg AS

Kvassnesvegen 19 5914

ISDALSTØ